15 DES 2009

DET KONGELIGE
BARNE- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

JUSTISDEPARTEMENTET
22 DES 2009
SAKSNR.: 200906861
AVD/KONT/BEH: LOV/EP/KSI
DOK.NR 22 ARKIVKODE:

Justis- og politidepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

| Deres ref | Vår ref | Dato |
|---|---|---|
| 200906861 | 200904108-/ILB | 15.12.09 |

**Høring - Forslag til endringer i inkassoforskriften og inkassoloven som følge av direktiv 2005/36/EF (yrkeskvalifikasjonsdirektivet) og direktiv 2006/123/EF (tjenestedirektivet)**

Vi viser til høyringsforslag fra Justis- og politidepartementet datert 5.november 2011.

Barne- og likestillingsdepartementet har gått igjennom høyringsbrevet,og har ein merknad til pkt. 3.3 om eventuelt krav om at inkassatoren sluttar seg til avtala om inkassoklagenemnda. BLD meiner det er uheldig dersom eit inkassoselskap frå ein annan EØS-stat som driv mellombels verksemd i Noreg, ikkje skal kunne bli klaga inn for Inkassoklagenemnda. Vi antar at inkassoselskap som berre driv mellombels i Noreg vil ha mindre kjennskap til norske reglar, og at det derfor er større fare for brot på inkassolova ved inndriving frå slike selskap. Behovet til skyldnaren for enkel tvisteløysing vil derfor antakeleg være større når inndrivinga vert gjort av eit selskap som driv mellombels i Noreg. I dag deltek alle inkassobyråa i avtala om klagenemnd. Det vil vere negativt for heile ordninga om forbrukaren ikkje alltid har same mogelegheit for nemndshandsaming.

BLD er einig i at det kan vere uvisst om eit krav om deltaking i inkassoklagenemnda vil vere ei tilknyting til eit yrkesorgan som vert ramma av yrkeskvalifikasjonsdirektivet art. 6. Det bør vurderast nærmare om unntaket om ei mellombels registrering eller proforma medlemskap kan nyttast, då nemndshandsaming lettar *"anvendelsen av de gjeldande disiplinær bestemmelsene"*.

BLD ser at det er eit problem med eventuell deltaking i ordninga at inkassoselskapa dekkar utgiftene til den daglege drifta av sekretariatet. Å krevje betaling av et selskap


| Postadresse | Kontoradresse | Telefon | Plan- og administrasjonsavdelingen | Saksbehandler |
|---|---|---|---|---|
| Postboks 8036 Dep<br>0030 Oslo | Akersgt. 59 | 22 24 90 90<br>Org no.<br>972 417 793 | Telefaks<br>22 24 95 15 | Inger-Lise Becher |

som driv mellombels i Noreg vil vere ein tilleggskostnad for tenesteytaren, og i strid med direktivets art. 6. Eit proforma medlemskap i ordninga kan derfor ikkje inkludere krav om betaling frå verksemda.

Med hilsen

Lars Audun Granly (e.f.)

Inger-Lise Becher